

SELJORD KOMMUNE  
Brøløvsvegen 13 A  
3840 SELJORD

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

Sak/dok.: 09/02056-99

01.08.2024

Ark.: 326.12

## Vedtak i namnesak 2023/159 - Heggeneset mfl. i Seljord kommune

Statens kartverk har i dag gjort vedtak om skrivemåten av fleire stadnamn i Seljord kommune slik det går fram av namnelista nedanfor.

Vedtaket er gjort med heimel i § 7 tredje ledd i lov om stadnamn.

### Bakgrunn

Namnesaka vart teken opp av Språkrådet i samband med oppretting av nye verneområde, jf. brev datert 01.06.2023. Namnesaka vart reist for å fastsetja rett skrivemåte for offentleg bruk.

### Rettsleg grunnlag

Når ein skal fastsetja skrivemåten av eit stadnamn for offentleg bruk, er hovudregelen at ein skal ta utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen av namnet. Skrivemåten skal fylgja gjeldande rettskrivingsprinsipp i norsk, jf. § 4 fyrste ledd i lova. Skrivemåten skal vera praktisk og ikkje skyggja for meningsinnhaldet i namnet, jf. § 1 fyrste ledd.

*I utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn er det meir detaljerte reglar om korleis stadnamn skal normerast.*

I tillegg må det takast omsyn til normeringspraksisen i området og skrifttradisjonen for namnet saka gjeld, og kva som er registrert i Sentralt stadnamnregister (SSR) frå før. Lokale ynske frå dei som har uttalerett skal òg spela inn. Det skal leggjast særleg vekt på ynsket til eigaren når saka gjeld bruksnamn, og skrivemåten som eigaren ynskjer, ligg innanfor regelverket.

Skrivemåten av slektsnamn skal ikkje påverka skrivemåten av stadnamn. Vedtak som gjeld skrivemåten av stadnamn, får heller ikkje fylgjer for skrivemåten av slektsnamn.

### Uttale og skrifttradisjon

Skriftlege og munnlege kjelder er tekne inn i namnelista nedanfor.

### Høyringsvar og tilråding

Kartverket sendte saka til høyring og kunngjering i Seljord kommune i brev datert 05.06.2023, i tråd med § 8 i lova.

Språkrådet gir sine tilrådingar i brev datert 28.06.2024, sjå namnelista. Heile tilråding er vedlagt dette brevet.

I brevet sitt opplyser Språkrådet om at Seljord kommune ikkje har fått inn høyringsfråsegner i saka, og at kommunen heller ikkje har uttalt seg i saka i sitt brev til Språkrådet.

### Namneliste

Namn i offentlig bruk / forslag:	Type stad:	Uttale og skriftradisjon, tilråding frå Språkrådet og Kartverkets vurdering:	Vedtak
Heggenes Heggjenes	Fellesnamn for bruk 7/7 og bruk 8/6.	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b></p> <p>Heradsregisteret (1944) har oppslagsforma <i>Heggjenes</i> og uttalen <i>heg, ˈg,æne:sə</i>, og bustadnamnarkivet (1955) har oppslagsforma <i>Heggenes</i> og uttalen <i>hed ˈd,æne:sə</i>.</p> <p>Vi finn skrivemåten <i>Heggjenes</i> på gradteigskart frå 1938 og 1958 mfl. og på Norge 1:50 000 frå 1952, og <i>Heggenes</i> på Norge 1:50 000 frå 1985 og 2004 mfl. og på økonomisk kartverk frå 1978.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u> <b>Heggeneset</b></p> <p>Språkrådet skriv: «Bruksnamna er ikkje registrerte i <i>Norske Gaardnavne</i>. I bygdeboka av Tov Flatin frå 1945 (band II) er <i>Heggenes</i> oppført under gardene Strond og Vidfall (gnr 7 og 8). I Seljord IV: Ættesoge for hovudsoknet (Odd Karlberg, 2003) har gnr/bnr 7/7 navnet HEGGENESET øvre og gnr/bnr 8/6 namnet HEGGENESET nedre.</p> <p>Uttaleopplysningane og oppføringane i bygdebøkene tilseier skrivemåte i bunden form. Det er rimeleg å anta at forleddet i namnet er trenemnet <i>hegg</i>, og vi tilrår difor skrivemåten <i>Hegge</i>- utan j i samsvar med rettskrivinga. Regelverket opnar for skrivemåten <i>Heggje</i>- i samsvar med uttalen (jf. Kartverkets vedtak om skrivemåten <i>Heggjeset</i> i Nore og Uvdal), men ettersom det ikkje har kome ønske om denne skrivemåten, tilrår vi å nytte rettskrivingsforma.»</p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u> Kartverket gjer vedtak i samsvar med tilrådinga frå Språkrådet. I følgje lov om stadnamn § 4 første ledd skal skrivemåten av stadnamn fastsetjast i samsvar</p>	<b>Heggeneset</b>

		<p>med den nedervde lokale uttalen og gjeldande rettskrivingsprinsipp, men forskrift om stadnamn § 1 første ledd seier at stadnamn som inneheld allment kjende ord eller namneledd som hovudregel skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving. Det er sannsynleg at forleddet i stadnamnet er trenamnet <i>hegg</i>. Vi har ikkje motteke ønsker om skrivemåten <i>Heggje</i>-.</p> <p>Vidare står det i punkt 2 i <i>Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn</i> at «[b]ruken av grammatisk kjønn, eintals- eller fleirtalsform, bunden eller ubunden form skal som hovudregel rette seg etter den nedervde lokale uttalen. Heradsregisteret og bustadnamnarkivet viser ein uttale med bunden eintalsform av sisteleddet, <i>-neset</i>.</p> <p>I samsvar med forskrift om stadnamn § 1 første ledd, dei utfyllande reglane punkt 2 og Språkrådets tilråding fastset Kartverket skrivemåten <b>Heggeneset</b>.</p>	
Øvre Heggenes Heggenes øvre	Bruk 7/7	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b> Sjå òg namn nr. 1.</p> <p><i>Heggenes øvre</i> på økonomisk kartverk frå 1978, i matrikelutkastet 1950 og i dagens matrikel.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u> <b>Øvre Heggeneset</b>. Utmerkingsleddet bør stå føre hovudnamnet i samsvar med vanlig namnelaging.</p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u> Sjå òg namn nr. 1. Som Språkrådet skriv skal retningsordet, <i>Øvre</i>, stå føre hovudnamnet.</p>	<b>Øvre Heggeneset</b>
Heggenes	Festetomt 7/7/1	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b> Sjå òg namn nr. 1.</p> <p><i>Heggenes</i> i dagens matrikel.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u> <b>Heggeneset</b></p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u> Sjå namn nr. 1.</p>	<b>Heggeneset</b>
Nedre Heggenes Heggenes nedre	Bruk 8/6	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b> Sjå òg namn nr. 1.</p>	<b>Nedre Heggeneset</b>

Heggenes		<p><i>Heggenes nedre</i> på økonomisk kartverk frå 1978, og <i>Heggenes</i> i 1886-matrikkelen, 1905-matrikkelen, matrikkelutkastet 1950 og i dagens matrikkel.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u> <b>Nedre Heggeneset</b>, jf. namn nummer 1 og 2.</p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u> Sjå namn nr. 1. Som Språkrådet skriv skal retningsordet, <i>Nedre</i>, stå føre hovudnamnet.</p>	
Heggeneset	Bru på riksveg 36. Statens vegvesen vel namn og Kartverket fastset skrivemåte.	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b> Sjå òg namn nr. 1.</p> <p><i>Heggeneset</i> på Statens vegvesens kart av ukjent dato.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u> <b>Heggeneset</b></p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u> Sjå namn nr. 1.</p>	<b>Heggeneset</b>
Heggeneskilen	Vik	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b> <i>Heggeneskilen</i> på økonomisk kartverk frå 1978.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u> <b>Heggeneskilen</b></p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u> Sjå òg namn nr. 1. Bunden form av sisteledet i samsvar med skrivemåten på økonomisk kartverk.</p>	<b>Heggeneskilen</b>
Vesleheggjeset	Nes	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b> Sjå òg namn nr. 1.</p> <p><i>Vesleheggjeset</i> på økonomisk kartverk frå 1977.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u> <b>Vesleheggeneset</b></p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u> Sjå namn nr. 1.</p>	<b>Vesleheggeneset</b>
Heggestaul	Gammel bosettingsplass	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b> Sjå òg namn nr. 1.</p> <p><i>Heggestaul</i> på økonomisk kartverk frå 1977.</p>	<b>Heggestaul</b>

		<p><u>Språkrådets tilråding:</u>  <b>Heggestaul</b></p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u>  Sjå òg namn nr. 1. Ubunden form av sisteleddet i samsvar med skrivemåten på økonomisk kartverk.</p>	
Heggestaulnuten	Ås	<p><b>Uttale og skriftradisjon</b>  Sjå òg namn nr. 1.</p> <p>Heradsregisteret (1944) har oppslagsforma <i>Heggjestöln<sup>t</sup></i> og uttalen <i>heg,`g,astęúlnut.</i></p> <p><i>Heggjestöln<sup>t</sup></i> på gradteigskart frå 1938 og 1958 mfl. og på Norge 1:50 000 frå 1952, <i>Heggestauln<sup>tn</sup></i> på Norge 1:50 000 frå 1985 og 1993, og <i>Heggestaulnuten</i> på økonomisk kartverk frå 1977 og på Norge 1:50 000 frå 2004 og 2012.</p> <p><u>Språkrådets tilråding:</u>  <b>Heggestaulnut.</b> Ubunden form i samsvar med uttalen i Heradsregisteret.</p> <p><u>Kartverkets vurdering:</u>  Sjå òg namn nr. 1. Ubunden form av sisteleddet i samsvar med uttalen i Heradsregisteret.</p>	<b>Heggestaulnut</b>

### Kunngjering

Kommunen skal syta for at vedtaket vert gjort kjent for dei partane i kommunen som har klagerett etter § 12 fyrste ledd i lova, og som ikkje er adressatar i dette brevet. Jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Kommunen bes også om å informere innbyggjarane i kommunen, t.d. med notis i ei lokalavis og på nettsidene sine.

Når vedtaket gjeld skrivemåten av bruksnamn, skal kommunen senda melding om vedtaket direkte til eigarane av bruket.

### Bruksnamn

Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten av bruksnamn som er identiske med gardsnamnet, eller der gardsnamnet går inn som ein del av bruksnamnet. Men etter § 5 tredje ledd i lov om stadnamn har eigaren rett til å fastsetja ein annan skrivemåte av namnet på eige bruk enn den som fylgjer av § 4 fyrste ledd i lova. Føresetnaden er at han/ho kan dokumentera at skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn (på offentleg kart, på skilt, i matrikkelen, skøyte e.l.). I så fall må eigaren senda krav om det til Kartverket og leggja ved slik dokumentasjon. Klageretten for namnet i andre funksjonar, t.d. gardsnamnet, fell då bort. Kartverket er formelt vedtaksorgan også for skrivemåten av bruksnamn fastsette av eigaren.

### **Bruken av vedtekne skrivemåtar**

Me vil minna om reglane i stadnamnlova om plikt til å bruka vedtekne skrivemåtar, jf. § 11, særskilt fyrste setning, som har denne ordlyden: «Når skrivemåten av eit stadnamn er fastsett etter denne lova og ført inn i stadnamnregisteret, skal han brukast av eige tiltak av dei som er nemnde i § 1 tredje ledd». Det vil seia organ for stat, fylkeskommune og kommune og selskap som det offentlege eig fullt ut.

Me presiserer at lov om stadnamn regulerer *offentleg* bruk av stadnamn. Privatpersonar og bedrifter som ikkje er heileigde av det offentlege, er difor ikkje pålagde å fylgja vedtekne skrivemåtar.

Når det same namnet er brukt om ulike namneobjekt på same staden, skal skrivemåten i primærfunksjonen som hovudregel vera retningsgjevande for skrivemåten i dei andre funksjonane. Dersom dette vedtaket vert ståande utan at det vert påklaga, legg me difor til grunn at kommunen vedtek same skrivemåten i ev. adressenamn og adressetilleggsnamn der namnet vert nytta.

Når det er gjort vedtak om adressenamn, adressetilleggsnamn og krinsnamn (grunn-, val-, skulekrins og kyrkjesokn), skal den vedtekne skrivemåten leggjast inn i matrikkelen, og adressenamn i SSR verta oppdaterte frå matrikkelen. Vedtak om adressenamn skal framleis sendast til m.a. Kartverket, jf. § 9 fjerde ledd i forskrift om stadnamn.

Kartverket fører den vedtekne skrivemåten av bruksnamn i SSR, og skrivemåten vert henta inn i matrikkelen derifrå.

### **Klage**

Vedtaket om skrivemåten kan etter § 12 i lov om stadnamn påklagast av dei som etter § 6 bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er komen fram til mottakaren, jf. § 9 i forskrift om stadnamn. Dersom meldinga skjer med offentleg kunngjering, tek klagefristen til frå den dagen vedtaket vert kunngjort fyrste gongen. Dei som har klagerett, har rett til å sjå saksdokumenta, som er arkiverte hjå vedtaksorganet. Det er høve til å søkja om utsett iverksetjing av vedtaket til klagefristen er ute eller klaga er avgjort.

Ei eventuell klage skal sendast til Kartverket med kopi til kommunen. Klaga skal grunngjevast, og grunngjevinga må omtala alle namn eller namneledd klaga gjeld.

Når ein tek opp ei klagesak, gjeld dei same sakshandsamingsreglane som for namnesaker elles. Dersom vedtaket vert oppretthalde, sender Kartverket saka vidare til Klagenemnda for stadnamnsaker, som er oppnemnd av Kulturdepartementet.

Venleg helsing

Helge Dønvold  
seksjonsleiar

Christian Mathiesen  
saksbehandlar stadnamn

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Lenkjer: [Lov om stadnamn](#)  
[Forskrift om stadnamn](#)  
[Utfyllande reglar om skrivemåten av norske stadnamn](#)

Vedlegg: Tilråding frå Språkrådet

Kopi til: Språkrådet  
Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Miljødirektoratet  
Statens vegvesen